

OSTERØY KOMMUNE  
Postboks 1  
5293 LONEVÅG

**Avdeling for  
Kultur og folkehelse (KFO)**

---

<b>Dato</b>	02.05.2023
<b>Vår referanse</b>	2023/57905-2
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Peter Forras
<b>E-post</b>	Peter.Forras@vlfk.no
<b>Telefon</b>	47690029

**Kulturminnefagleg fråsegn- dispensasjon - ombygging dam - gnr. 107 bnr. 7 -  
Osterøy kommune**

Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vi har ingen merknadar til vurderinga av tiltaket når det gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremål LNFRN i gjeldande reguleringsplan Nedre Botnavatn (planid: 1253 2011 001).

Tiltaket går ut på forsterkningar av eksisterande dam, ved å støype om annakvar pilar til lamellar. Dam Nedre Botnevatn er ein betongdam frå 1951, og ein del av eit større eldrei kraftsystem knytt til reguleringa av Ljosavatn, Kleivelandsvatn, Øvre og Nedre Botnevatn og Osvatn. Kraftverket er bygd ut i to generasjoner, fyrist kring 1920 i samband med Tøsse mølle, og seinare kring 1950 med BKK sin utbygging av ålmenn forsyning. Den gjeldande dammen er frå byggetrinn 2.

Alle elementa som inngår i kraftsystemet har ein kulturminneverdi som ein del av utviklinga av teknisk infrastruktur og industri på Osterøy. Vi ber derfor om at kommunen stillar som krav at ein dokumenterer eksisterande betongdam i Nedre Botnevatn noko betre med fotografi og enkelt historikk, før ein utfører tiltaka. Vi ber også om at dokumentasjonen vert send til Vestland fylkeskommune, og til NVE sin museumsordning slik at dokumentasjon over dammen slik den er før ombygging kan sikrast.

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**  
leiar  
KFO - Arealplan (Førde)

**Peter Forras**  
seniorrådgjevar  
KFO - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift